

Smaken av nordnorsk fiskesuppe



BJØRN EGIL FLØ
ÆRLIG TALT

Det er sjeldan ein er vitne til ein tilsvarande sutring som den reiselivsnæringa i Finnmark la for dagen i førre veke. Mi største bekymring er likevel knytt til den politiske uklokskapen dei avslører når dei i Nordlys og VG sine nettutgåver går ut og angrip fiskeri- og kystministeren for å ha sagt det me alle veit.

Det heile starta då Helga Pedersen hadde vore på NHO sin reiselivskonferanse, «Nord i Sør», i januar i år. Der hadde dei bedt ho om å snakke om reiseliv, eit tema som neppe kan seiast å vere blant det Fiskeridepartementet har breiast kompetanse på. Ogsidan det ikkje gjaldt verken ressursforvaltning i nordområda eller strukturendringar i fiskeriflåten, men faktisk reiseliv, så laut ho nok delvis skrive talen sjølv, kan eg tenkje meg. Også som så ofte før når statsrådene har tenkt sjølv, så vart det ei god tale.

I avisene vert det rett nok framstilt som om ho gjekk til frontalangrep på reiselivsnæringa i Nord-Noreg, men eigentleg sa Helga Pedersen berre det me alle veit. Alle oss som har tilbaketilgjort nokre døgn med langlysa på, veit ikkje å gjere anna enn å nikke når ho seier:

«**Se for dere** at dere har vært på ferie i Nord-Norge – hva husker dere – fantastisk natur – idylliske levende landskap, men gode matopplevelser? Da skal man ha flaks, i all ærbødighet.»

Det var synd ho avgrensa kritikken til liksom berre å gjelde

Nord-Noreg. Var det opp til meg, skulle ho inkludert heile landet i kritikken, og ikkje berre sin eigen landsdel. Kanskje var det nett derfor kritikken vart for tøff å bere for fungerande reiselivssjef i Finnmark, Beate Juliusen. Det er ofte verre å verte kritisert av sine egne enn av ein eller annan utspjåka byfant sørfrå. Me er då vant med at dei slenger med leppa både støtt og stadig. Og aldri har dei vel vore nordpå heller.

Skulder til skulder med ein restauranteigar, Odd Arne Nilsen i Honningsvåg, hevdar dei at Nord-Noreg kryr av gode plassar å ete. Ifylgje Nilsen finst det visst 40 serveringsstadar som er tilslutta Arktisk Meny, så det er visst ikkje måte på kor bra det er der nord. Reiselivssjefen, på sin side, legg til at ho trur det må vere «lenge sidan Pedersen har besøkt sin eigen landsdel».

Det er nett dette eg meiner vert for patetisk. I staden for å invitere Pedersen og Fiskeridepartementet med på laget, for å prøve å gjere noko med den syrgjelege ferdamaten ein finn over alt i dette landet, snur dei nasa ned i lommeduken og sutrar. Dei kjenner seg angripne, og det endatil av ein av «sine egne».

Her hadde dei altså ei gullkanta moglegheit til å få fiskeriministeren til å loppe nokre styrtrike sunnmørske fiskebåtreiarar og ei handfull nessekongar i oppdrettsnæringa for litt småpengar. Kanskje kunne ein for ein gong skuld få kaksane til å bruke pengar på noko anna enn eksklusivt eigarskap til allmenningsressursane og retten til å genetisk forureine villaksen.

For det både reiselivsnæringa og hovudvekta av landets tusenvis av kafear, vegkroer og restaurantar treng, er meir enn berre tilgang til gode råvarer. Dei treng

også å lære korleis ein lagar mat og ikkje berre korleis ein varmar frityrsteikt raudspette i mikroen. Dei treng seriøs og omfattande opplæring i grunnleggande drifting av eit kjøken. Røynslene frå dei få stadane ein har køyrt tilsvarande prosjekt fortel oss at det verkar, men det fortel òg at det kostar. Og her kjem fiske-milliardæra inn. Dei kunne få høve til å lette litt på presset i puteføret no. For ein gong skuld kunne dei få lov å betale for utviklinga av det landbasert næringslivet i dette landet, og det endatil i Nord-Noreg. Kanskje kunne ein sjå føre seg eit spleiselag med landbruket og eit samla reiseliv også.

Men nei da, dei greidde ikkje å sjå det. Til det var dei for opptatt av at ho, som skulle vere ei av deira egne, hadde hengt ut Nordland,

Eigentleg sa Helga Pedersen berre det me alle veit.

Troms og Finnmark for ein delegasjon «hotshotar» på ein konferanse sørpå.

På same måte som kritikarane fortel Pedersen at ho skal «vakne opp – og kome seg heim», vil eg be reiselivsnæringa om å realitetsorientere seg. Neste gong nokon gir norsk reiseliv ei liknande pasning vonar eg der er nokon som kan vere smart nok til å gå på det løpet.

Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk senter for Bygdeforskning



TRAFF BLINK: Fiskeri- og kystminister Helga Pedersen hadde rett, men gjekk ikkje langt nok. Norske serveringsstader treng opplæring i grunnleggande drifting av eit kjøken, skriv Bjørn Egil Flø. FOTO: KJELL HERSKEDAL

REPLIKK

Flere debattinnlegg finner du på side 28

Klimamerking av mat virker ikke

Landbruks- og matminister Terje Riis-Johansen har i Nasjonen tatt til orde for å lage en merkeordning for matvarer som viser forbrukerne hva de forskjellige matvarene bidrar til av klimagassutslipp. Det er flott at Riis-Johansen engasjerer seg for klima, men da bør han jobbe for tiltak som virker.

Klimamerking av mat er et tiltak som ikke vil gi nevneverdig klimaeffekt. Det vil ta flere år å få på plass en slik matmerking, og deretter er det bare de mest bevisste forbrukere som vil ta hensyn til merkingen.

Hvis landbruks- og matminis-

Det er flott at Riis-Johansen engasjerer seg for klima, men da bør han jobbe for tiltak som virker.

teren virkelig ønsker at matproduksjon og -forbruk skal endres slik at utslippene av klimagasser reelt går ned, bør han heller lage en politikk som styrer i denne retning. I løpet av et par år er det mulig å avklare hvilke pro-

duksjoner og produkter det bør produseres og forbrukes mindre eller mer av i Norge. Deretter må man bruke virkemidler innen landbrukspolitikk og ernæringspolitikk til å vri produksjon og forbruk dit det bør være for at matproduksjon og forbruk skal ta sin del av nødvendige klimakutt.


Angående klima må vi få politikk som virker – raskt og effektivt. Terje Riis-Johansen sitt ansvar er landbruks- og matpolitikk.

Thomas Cottis, høgskolelektor i landbruk ved Høgskolen i Hedmark

NATIONEN.NO

Bjarne Undheim går av som leder for Norsk bondelag. Vi har spurt leserne av nationen.no om de er fornøyde med Undheims innsats.

Her er svarene:



Totalt antall stemmer: 948

Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. Klikk deg inn og stem!